



Notat

Dato: 17.09.2018
Arkivsak: 2015/11453-150
Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Utdanninga Klassisk bygningshandverk og restaurering er godkjend

Fagskulen søkte 15. mars i år om godkjenning for eittårig fagskuleutdanning innan klassisk bygningshandverk og restaurering. I brev datert 14.09.2018 har NOKUT gjeve tilsegn om godkjenning av utdanninga. Det vil seie at utdanninga berre er godkjent på vilkår av at det vert tilsett tilstrekkeleg kvalifisert personell jf. fagskulen sin søknad. Dette er vanleg prosedyre ved heilt nye utdanningar der eksisterande fagmiljø ikkje dekker alle krava til den nye utdanninga.

Fagskulen vil tilsette nye lærarar når det nærmar seg start for utdanninga, og vil då sende inn naudsynt informasjon til NOKUT slik at utdanninga vert endeleg godkjent.

Brev om godkjenning av utdanninga er lagt ved denne meldinga, og i tillegg er samarbeidsavtale mellom fagskulen og Fylkeskonservatoren i Hordaland lagt ved til orientering.

Vedlegg:

1. Godkjenningbrev
2. Samarbeidsavtale